



DEN NORSKE KYRKJA

Fjærland sokneråd

Fjærland 23.09.21

Referat frå møte i Fjærland sokneråd

Møtedato: 15.09.21

Møtetid: 1800-2000

Møtestad: Heime hos leiar

Tilstades: Siv Jane Rauboti, Hilde Supphellen, Berit Orheim, Grete Mundal, Kari Bøyum Skeide, Nils Distad

Innkalling og referat godkjend.

Referat:

Sak 49/21 Gudstenester og arrangementa sidan sist møte

Vedtak: Gjennomførde som planlagd. Tilbakemelding frå 50-51årskonfirmantar om klarare ordlyd når det gjeld påmelding til samværet.

Sak 50/21 Ny kyrkjeleg organisering

Vedtak: Soknerådet drøftar saka vidare i neste møte.

Sak 51/21 Julekonsert og 160-årsjubileet til Fjærland kyrkje

Vedtak: Torbjørn Ask og Grete Karin Juklestad har sagt ja til å sitje i komiteen. Hilde kontaktar Hallgeir Ø. Westlie. Dato for konserten: 12/12 kl 1500

Sak 52/21 Kyrkjelydsbladet

Vedtak: Medliturg/kyrkjevert tek bilete i aktuelle samanheng, og spør om lov til å ta biletet inn i bladet. Syter også for litt tekst og namn på aktuelle personar før dei sender til redaktøren. Konfirmasjon, hausttakkefest og haustfest 70+ bør med i neste utgåve.

Sak 53/21 Haustfest 70+

Vedtak: Komiteen har planleggingsmøte etter soknerådsmøtet. Då det ikkje lenger er omfattande koronarestriksjonar, kan vi igjen innby etterlatne under 70, eller fjærlendingar som bur på SHOS.

Sak 54/21 Oppdatering av halvårsplanen

Vedtak: Datoane for Røde Kors sin besøksteneste er klare. Vi bør leggje andaktar og kafédagar slik at ikkje alle tiltak kjem for nært kvarandre. Andakt og soknerådsmøte bør helst kome same dag. Grunna soknepresten si sjukemelding prøver vi å få andre andaktshaldarar. Aktuelle dagar 06.10 og 24.11 kl 1500. Aktuelle kafédagar: 13.10 og 10.11 kl 1500.

Sak 55/21 Ymse

Det vert ikkje Barnemisjon denne hausten. I staden skipar vi til juleverkstad i kyrkja 4. des. for den same målgruppa.

Neste møte 20.10.21 kl 1800-2000 hos Siv Jane

For Fjærland sokneråd
Berit Orheim
- skrivar